



NU-kontakt

Meldingblad for Noregs Ungdomslag, nr 1/2007

Denne sendinga inneheld

- NU-kontakt 1/2007
- Norsk Amatørteaterfestival / Folkekulturfestivalen - *plakat til å henge opp*
- Sommarkursa 2007
- Bunadseilas
- Huldaprisen
- Innkalling og førebels sakliste til årsmøte i NU

Norsk Amatørteaterfestival, Oslo 18.-24. juni

Noregs Ungdomslag og Det Norske Teatret (DNT) skipar for tredje gong til Norsk Amatørteaterfestival i Oslo. Ni grupper frå ungdomslag i heile landet har blitt valt ut til å spele stykket sitt på Prøvesalen i DNT. Det blir òg urpremiere på "Til Noreg der kjærleik ventar", der seks utanlandske kvinner som har gifta seg med ein norsk mann fortel sine historier.

Vi arrangerer 12-timarskurs i *Frå ide til framsyning og Skodespelarteknikk*, i tillegg til ei rekkje kortare teaterkurs. Nytt på årets festival er **monologkonkurranse**. Meld deg på og vinn ein time med ein skodespelar for å finpusse på monologen!

Norsk Amatørteaterfestival er amatørteater på sitt beste og blir arrangert samtidig med Folkekulturfestivalen. Med festivalpass kan du delta på begge festivalane! Gratis t-skjorte til dei som melder seg på innan påmeldingsfristen 15. mai. Les meir på www.teaterfestival.no.

Folkekulturfestivalen, Oslo 22.-24. juni

Folkekulturfestivalen er dans, konsertar, framsyningar, kurs, fest og moro! Den finske folkemusikkgruppa **JPP** og den norske stjernetrioen **Valkyrien Allstars** byr på store konsertopplevingar. Ungdomane i Sans for dans har urpremiere på si unike danseframsyning. Vi inviterer til jonsokfest med Askerladden, bygdedanskveld i tre salar til fengande dansespel, seminar og spennande dansekurs.

Laurdag blir det danseframsyningar i Oslo sentrum og Framsyningskappleik. Meld på gruppa di!

Kjøper du festivalpass kan du òg få med deg framsyningane under Norsk Amatørteaterfestival. Gratis t-skjorte til dei som melder seg på innan påmeldingsfristen 15. mai! Les meir på www.folkekulturfestivalen.no.

Årsmøte, Oslo 24.-25. juni

Vil du og laget ditt vere med å påverke framtida til Noregs Ungdomslag? Vil de ha større gjennomslag for dykkar saker? Årsmøtet er den fremste arenaen for dette. Tema blir m.a. ungdom si påverknad i NU, kulturelt mangfald og organisasjonsbygging med lokallaga i sentrum.

Årsmøte blir i Oslo etter festivalane, 24. og 25. juni. Møtet tar til søndag 24. juni kl 14.00. Alle er invitert til konsert med Valkyrien Allstars same dag kl 12.00. Vedlagt i denne sendinga er innkalling og førebels sakliste.

Noregs Ungdomsring

25.-27. juni blir det samling i Noregs Ungdomsring (NUR). Danseglade ungdomar inntar hovudstaden, og temaet er samdans. Ungdomsringane landet rundt blir invitert til først å delta på festivalane og deretter NUR. Kurslærarar blir Mads Bøhle, Vegar Vårdal og Patrik Andersson. Meir informasjon på www.ungdomslag.no.

Sommarkursa 6.-12. august

Sommarkursa blir i år på Nordhordland Folkehøgskule, nord for Bergen. Her kan du utdanne deg til instruktør i teater og folkedans, som barne- og ungdomsinstruktør eller ta fordjupingskurs i dans eller spel. Sommarkurs er investering i ei aktiv framtid for ditt lokale ungdomslag! For å ta instruktørkurs må du ha deltatt på regionale kurs. Ta kontakt med NU om du ynskjer kurs i teater eller dans i din region.

Les meir på www.ungdomslag.no og i vedlagte brosjyrer. Det har snike seg inn ein feil i brosjyren. På teaterkurset blir det lærarar frå studium i teaterensamblevirksomhet ved Høgskolen i Nord-Trøndelag.

Fagseminar 27.-29. april

Fagseminara er ein utdanningsarena innan dans, teater, bunad og barne- og ungdomsarbeid. Få nye impulsar, hent inspirasjon, lær nye ting og møt likesinna.

Vi arrangerer seminara:

- Sats ungdomsring!
- Fjorten prinsesser og ein Oskeladd (teater)
- Symbol og signal i folkedraktene; før og no
- Kva er god turdanstradisjon? (folkedans)

Påmelding innan 15. mars. Les meir under menyen opplæring/kurs på www.ungdomslag.no

Noregs Ungdomslag

Telefon 24 14 11 10

Faks 24 14 11 01

informasjon@ungdomslag.no

Adresse

Tollbugata 17

Pb. 414 Sentrum

0103 Oslo

Bank: 8101 07 00027

Org.nr: 939 550 550

www.ungdomslag.no

Årsrapport og medlemslister

Mange lag har no sendt inn årsrapport og medlemslister for 2006, signert av leiaren i 2006. Vi bed om orsak til dei som hadde problem med den elektroniske registreringa av årsrapporten gjennom www.ungdomslag.no, og håpar no at dei verste barnesjukdomane skal vere kurert.

Enno er det ein del lag som ikkje har sendt inn årsrapport, medlemslister og registreringsskjema for ikkje-registrerte medlemmer i 2006. Vi bed dei som har venta med dette om å sende det inn så snart som mogleg. Det er på bakgrunn av medlemslister og årsrapport at NU får tildelt midlar frå Barne- og likestillingsdept. og Norsk Teaterråd. Det er òg på bakgrunn av tala frå listene at NU får Frifondmidlar å dele ut til laga.

Du kan lese meir om dette på www.ungdomslag.no under menyen "medlemssørvis". Ta kontakt med Alf Steinar Nekstad i NU om du har spørsmål eller treng hjelp, tlf 24 14 11 16, e-post alf.stein@ungdomslag.no.

Momskompensasjon

Alle lokallag som har sendt inn årsrapport og medlemslister for 2006 vil i vår få utbetalt midlar frå momskompensasjonsordninga gjennom Noregs Ungdomslag. Midlane blir tildelt utifrå medlemstalet i laget i 2006. Lag som har sendt inn dokumentasjon på reelle momskostnader i 2005 får utbetalt dette i tillegg.

Frifond

NU delte ut nærmare 1,2 mill i Frifond til lokallaga i 2006. 1. mai er det ny søknadsfrist. Har laget aktivitet for barn og unge er dette ein enkel og ubyråkratisk måte å få støtte. Du kan søke om midlar både til faste aktivitetar og kortare prosjekt.

For å få støtte må laget ha minst fem medlemmer i NU under 26 år. Dette er fordi det berre er lag med minst fem medlemmer under 26 år som er med i støttegrunnlaget når NU søker om Frifond på vegne av laga.

Last ned søknadsskjema og les meir om krava for å få støtte under "medlemssørvis" på www.ungdomslag.no.

Studiemidlar

FOLK, Folkekulturforbundet er Noregs Ungdomslag sitt studieforbund, der laga kan søke om støtte til opplæring. I 2007 er satsane kr 70 med lærar og kr 15 utan lærar. Mange lag søker støtte til opplæring i dans, teater, musikk og handverksarbeid.

Last ned søknadsskjema og les meir om studiemidlar på FOLK sine nye nettsider www.folkekultur.no. Og: Meld inn kurs og opplæringstiltak!

Huldaprisen

Hulda Garborg var ei føregangskvinne innan m.a. folkedansviser, draktkultur og spesielt teater. I 2003 delte Noregs Ungdomslag for første gong ut Huldaprisen. Prisen blir delt ut annankvart år til einskildpersonar, lag eller institusjonar som har arbeidd for å fremje og betre rammetilhøva for norsk amatørteater.

Under Norsk Amatørteaterfestival 18.-24. juni i Oslo vil Noregs Ungdomslag på ny dele ut Huldaprisen. Fristen for å sende inn framlegg til kandidatar til prisen er 29. april. Les meir om Huldaprisen i vedlagte brosjyre.

Bunadkurs på Fagernes

25.-29. juni arrangerer Bunadrådet i Noregs Ungdomslag kurs på Fagernes. Trinn 3 i tretrinnsmodellen blir gjennomført. Meir informasjon om bunadutdanninga i Noregs Ungdomslag og om kurset på Fagernes finn du på www.ungdomslag.no.

Bunadseilas

2.-8. mai inviterer Anne Aamodt as og Hurtigruten til bunadseilas frå Bergen til Kirkenes. Noregs Ungdomslag er ein av samarbeidspartnarane. Lag og enkeltpersonar som vil bidra i programmet på Bunadseilassen kan ta kontakt med Anne Aamodt as. Les meir om bunadseilassen i den vedlagte brosjyren og i følgjebrevet.

Verktøyskrinet

I løpet av våren vil alle leiarar i lokallaga i Noregs Ungdomslag motta Verktøyskrinet i posten. Verktøyskrinet er eit hefte om generelt lagsarbeid, som støtteordningar, informasjonsarbeid og rollene som tillitsvalde. Vi sender heftet ut etterkvart som vi mottar lister over nye tillitsvalde etter årsmøta i lokallaga.

Kjære lokallagsleiar

Du får denne sendinga fordi du er leiar i eit lokallag i Noregs Ungdomslag. Vi ber deg derfor om å spreie informasjonen i NU-kontakt, brosjyrer o.l. til medlemmer og andre interesserte.

Vi minner òg om heimesidene til Noregs Ungdomslag www.ungdomslag.no. Der finn du nyheiter i organisasjonen og innan fagområda teater, bunad, folkedans/musikk og barn og ungdom. Send gjerne inn nyheiter og oversikt over arrangement til kalenderen på heimesidene til informasjon@ungdomslag.no.

Noregs Ungdomslag har òg to festivalsider: www.folkekulturfestivalen.no og www.teaterfestival.no.

Ring oss gjerne om du lurar på noko: 24 14 11 10.

Noregs Ungdomslag

Telefon 24 14 11 10

Faks 24 14 11 01

informasjon@ungdomslag.no

Adresse

Tollbugata 17

Pb. 414 Sentrum

0103 Oslo

Bank: 8101 07 00027

Org.nr: 939 550 550

www.ungdomslag.no